

HYDRO ENERGI AS

0240 OSLO

Vår dato: 22.04.2024

Vår ref.: 202401512-10 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gjev mellombels løyve til senking av vasstand under LRV for Vasstølvatn reguleringsmagasin og Finnabuvatn reguleringsmagasin i Suldal kommune, Rogaland fylke

Vi viser til søknad av 14.02.2024 frå Hydro Energi AS om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Vasstølvatn og Finnabuvatn.

Om søknaden

For å oppfylle krava i damsikkerhetsforskriften skal Hydro Energi AS i 2024 og 2025 gjere oppgraderingar på reguleringsmagasina i Vasstølvatn og Finnabuvatn (heretter dam Vasstøl og dam Finnabu), som båe er klassifisert i konsekvensklasse 3. Vatna er ein del av Suldalsvassdraget og vasskraftsystemet Røldal-Suldal. Finnabuvatn ligg oppstraums Vasstølvatn og er inntakspunkt for Vasstøl kraftverk, medan Vasstølvatn er eit av inntakpunkta for Røldal kraftverk.

Dam Vasstøl er ein fyllingsdam med overløp av massiv betong. Reguleringsgrensene for dammen er høgaste regulerte vasstand (HRV)/lågaste regulerte vasstand (LRV) på kote 753,0/732,5, fastsette i kongeleg resolusjon av 03.05.1974. Tiltaket som det søkjast om inneber forsterking av forstøttingsveggen i dammen med ein større og kraftigare betongvegg, noko som krev mellombels senking av vasstand inntil 5 meter under LRV. For å minimere tilsiget er tiltaket planlagt etter snøsmeltinga, i perioden 01.07.2024 til 01.10.2024.

Dam Finnabu er ein plastra fyllingsdam med bua betongoverløp. Reguleringsgrensene for dammen er HRV/LRV på kote 908,0/893,0, fastsette i kgl.res. av 03.05.1974. Det skal gjerast noko arbeid på dammen tilsvarande som for dam Vasstøl. Mellom anna skal tappeluka som ligg under dammen oppgraderast med ny overflatebehandling og nytt hydraulisk opptrekk. Eit nytt bjelkestengsel vil sikre at det ikkje kjem vatn ned mot lukekonstruksjonen med fare for folk og utstyr. Arbeidet krev at magasinet mellombels vert senka ned til betongterskel som ligg 0,2 meter under LRV. Tiltaket er planlagt i perioden 05.01.2025 til 01.04.2025, då magasinet er is- og snødekt og får lite eller inkje tilsig.



Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, inkludert Suldal kommune, Statsforvaltaren i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og Setesdal-Ryfylke villreinområde. Høyringsfråsegnene har vore presentert søkjaren for kommentar. Vi meiner saka er tilstrekkeleg klargjort gjennom dette.

Statsforvaltaren i Rogaland uttalar i e-post til NVE den 19.03.2024:

«Vi viser høyring av søknad om mellombels løyve til senking av vasstand for Vasstølvatn reguleringsmagasin og Finnabuvatn reguleringsmagasin i Suldal kommune, jf. brev av 16.02.24.

Nedsenkinga av Vasstølvatn må skje gradvis for å unngå stranding av fisk.

Statsforvaltaren har elles ingen merknadar til tiltaka.»

Rogaland fylkeskommune uttalar i brev til NVE den 02.04.2024:

«Vi syner til NVE sitt høyringsbrev datert 16.02.2024 om mellombels senking av vasstand for Vasstølvatn reguleringsmagasin og Finnabuvatn reguleringsmagasin i Suldal kommune.

Saka gjeld senking av Vasstølvatn inntil 5 meter under LRV i ein periode på tre månader sumaren 2024 og inntil 0,2 meter under LRV av Finnabuvatn i ein periode mens vatnet er islagt tidleg i 2025. Tiltakshavar har vurdert at senkinga av Vasstølvatn kan gje redusert kondisjon for fisk, men at negativ konsekvens vil vere liten. Vi er enige i dette, gitt at det blir sett vilkår om at senkinga må skje så sakte at fisken i vatnet får tid til å trekkja ut på djupare vatn og ikkje blir liggjande i strandsona. For Finnabuvatn er senkinga så liten og skjer på ei tid av året då risikoen for negative miljøverknader etter vår vurdering er svært liten.

Ut over dette har vi ingen merknad til søknaden.»

Hydro Energi AS hadde ingen kommentarar til fråsegnene.

NVE si vurdering

NVE kan gje løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaka fell etter vårt syn inn under dette formålet. NVE kan setje avbøtande vilkår i løyvet. Dammane er i konsekvensklasse 3 i damsikkerhetsforskriften, og feil og manglar er pålagt å bli utbetra etter vedtak frå NVE (jf. damsikkerhetsforskriften § 7-5). Periodane som tiltaka er planlagt utført er vald for å gjere forholda best mogleg for dei spesifikke tiltaka.

Søklar Hydro Energi AS har vurdert at ei nedtapping av Vasstølvatn til under LRV vil medføre redusert vassareal og auke konkurransen om mattilgang for fisk i magasinet, noko som vil kunne føre til redusert kondisjon for fisk. Då nedtappinga berre vil vare i tre månader er dei negative konsekvensane likevel vurdert å vere små. For Finnabuvatn vurderer Hydro Energi AS at ei såpass minimal senking under LRV på tida av året som



tiltaket er planlagt, ikkje vil ha noka nemneverdig betydning for miljø og hydrologi. Høyringspartane seier seg einig i søkjar si vurdering av miljøkonsekvensane, men påpeiker at ei endring i vasstand må skje gradvis for å unngå stranding av fisk.

Vasstølvatn og Finnabuvatn ligg innanfor Setesdal-Ryfylke villreinområde, men dei ligg ikkje innanfor særskilt sensitive område for villreinen, som kalvingsområde eller trekkområde. NVE kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til negative konsekvensar for villreinen.

Basert på søknaden og høyringsfråsegnene kan ikkje NVE sjå at dei omsøkte tiltaka vil vere til varig skade for nokon kjende ålmenne interesser eller dei økologiske forholda i vassdraget. NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfaldlova §§ 8 til 12. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmåla for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5. NVE vil samstundes påpeike at tiltaka er mellombelse og av relativt kort varigheit. Dei vert òg rekna som naudsynte for å følgje opp krav oppstilt i damsikkerhetsforskriften.

Konklusjon

NVE gjev Hydro Energi AS mellombels løyve til å senke vasstanden i Vasstølvatn reguleringsmagasin under LRV med inntil 5 meter i perioden 01.07.2024 til 01.10.2024. NVE gjev òg Hydro Energi AS mellombels løyve til å senke vasstanden i Finnabuvatn reguleringsmagasin med inntil 0,2 meter under LRV i perioden 05.01.2025 til 01.04.2025.

Løyvet er gjeve i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Alle vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk blir minimert eller blir unngått så langt det er mogleg.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfyljing til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Jf. punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Råka partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Det blir bede vidare om at kommunen blir kontakta for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene deira.
- NVE føreset at Hydro Energi AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.



Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klagegang.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
konsesjonsansvarleg

Brit Torill Haugen
fagleiar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

HYDRO ENERGI AS

Kopimottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTEREN I ROGALAND

HYDRO ENERGI AS - Johnny Bruheim

Suldal kommune

Setesdal-Ryfylke Villreinområde



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.